



Fem av seks tilsette var på plass då Storfjordnytt var på besøk. Frå venstre: Robert Bergerud, Jorunn Merete Hanssen, Elisabeth Nerland Vad og Caroline Bjerk Maurstad. Avdelingsleiar Linda Gjerde Myren sit fremst. Ann-Kathrin Overå Høithjelle var ikkje til stades denne dagen.

Ny logo og nytt namn, men dei same folka

NÆRINGSLIV: I 2023 kom det til eit avdelingskontor i Ulsteinvik – før altså Valldahang seg på i 2023. Nyleg vart også det som tidlegare heitte Hornindal Rekneskap med. Vekstra-kjeden vart stifta i 2003, den gongen var det eit samarbeid mellom 10-15 rekneskapskontor, hovudsakleg baserte i Hedmark og Oppland – og i dag er det heile 27 rekneskapskontor knytt til kjeden, med avdelingskontor i mesteparten av landet sør for Brønnøysund. Frå 1. januar i år vart Vekstra-kjeden slått saman med Økoråd-kjeden som har ti rekneskapskontor fra Sandnes-sjøen og nordover. Det vil seie at den nye kjeden der alle kontor vil endrar namn til Økoråd, vil vere den største franchisekjeden eller samansluttinga av sjøleigande lokalkontor, i landet. Avdelingskontoreti Valldal skiffrar såleis namn til Økoråd Fjord.

LITT HISTORIKK: I 2023 gikk det som den gongen heitte Fjord Regnskap AS inn i det som inntil no har vore Vekstra Fjord Rekneskap – ei kjede som vart etablert i 2008 på Nordfjordeid. Så har dei vokse, i 2013 kom det til eit avdelingskontor i Ålesund, i 2014 kom det til eit avdelingskontor på Sandane og i 2022

sjøleigd AS som er franchisetakar i Økoråd-kjeden, og at dagleg leiar også har tilhald der. Til saman er dei no 32 tilsette og fordelen med det, er at ein har fleire fagfolk å spele på, ein vert mindre såbar ved sjukdom og permisjonar og ein har høve til å utnytte dei sterke sidene til kvarandre.

– Kanskje vert vi ein meir attraktiv arbeidsgjørar også når vi kan tilby eit større fagmiljø, seier ho og legg til at det fungerer slik at sjølv om ein har fysisk tilhald ved eitt avdelingskontor, kan det vere at ein faktisk jobbar for eitt av dei andre avdelingskontora.

– Det er fullt mogleg no når vi for det meste jobbar digitalt, seier ho og legg til at dei skal vere gode på digitalisering og automatisering av rekneskapsoppgåver. Det siste er særleg viktig etter som dagens tradisjonell bokføring av bilag. Rekneskapsføraren skal også vere ein sparringspartner, ein som hjelper kunden med å sjå på mulighete til forbetring

på rådgjeving. Og det er ikkje vanskeleg å sjå at dei jobbar digitalt når ein ser seg om på kontoret hennar – og forsävært dei andre kontora også: det er nesten ikkje ein ringperm å sjå.

– Eg trur vi har ei halv skap med permar, seier Linda med eit smil og seier det er ei god utvikling, ikkje minst merkar dei det godt når det gjeld papirforbruket. Det har blitt drastisk redusert dei siste åra.

I tillegg er det slik at bransjen ei i verkst – og dermed kjem Økoråd Fjord AS til å lyse ut etter fleire tilsette i nær framtid.

– Om vi er heldige klarar vi kanskje å få ein søkjær som bur her inne eller som vil busette seg her inne, seier ho.

INGEN PRAKTISKE ENDRINGER GAR FOR KUNDANE

Linda Gjerde Myren er tydeleg på at dei ikkje hadde greidd å halde fram som liften allein, rett og slett fordi krava til kva kompetanse eit rekneskapskontor skal ha tilgang på, har auka.

– Det er rett og slett ikkje intening nok til å dekkje alle lovpålagte overordna oppgåver når ein er så liten som vi

var. I tillegg er ein svært sårbar når ein er få. Dessutan, ein ser det i heile transjent at det er ein voldsam konsolidering – dets rett og slett for dyrt og krevjande å stå allein, fortel ho. Då ho skulle ta steget frå å vere allein til å knytte seg til ei større eining, var det viktig for henne å kunne behalde det lokale kontoret, og då fall valtet på Vekstra.

– Det er klart at det er billegare å drive om ein er samlokalisert, men det er utrulig viktig å bevare arbeidsplassen lokale. Og så er det viktig at vi er nær der kundane vare, seier ho.

Og apropos kundane: ho er tydeleg på at denne endringa ikkje vil få nokon praktiske konsekvensar for kundane.

– Det vil vere eit anna namin, ein annan logo og ein annan e-postadresse, men utover det vil ikkje dette ha nokon praktisk betydning. Kundane våre vil framleis møte akkurat dei same dyktige folka som dei har gjort tidlegare, lover ho.

☞ BRITT INGUNN MAURSTAD
britt@storfjordnytt.no